

Flomfare på deler av Østlandet

Snøsmelting. De neste dagene kan bli preget av mye vann. Flomfaren er oppgradert til oransje nivå for deler av Østlandet, mens Sørlandet og Vestlandet får mye regn.

Flomvarselet fra varsom.no gjelder Telemark, Buskerud, Oppland, Hedmark, Akershus og Oslo.

Trysilelva forventes å nå oransje nivå onsdag. Med dagens prognoser ventes flommen å kulminere under 2014-nivået.

For Drammensvassdraget ventes situasjonen å bli mest alvorlig rundt Krøderen. ©NTB



Foto: Tor Erik Schrøder / NTB scanpix

– Utslipp av klimagasser øker

Miljø. Klimagassutslippene fra de norske virksomhetene i EUs klimavotesystem økte noe fra 2016 til 2017. Miljødirektoratet peker på at alle klimagassutslipp må ned.

– Dersom vi skal nå målet om et lavutslipps-samfunn i 2050, må klimagassutslippene reduseres i alle sektorer, sier direktør Ellen Hambro i Miljødirektoratet.

Klimagassutslippene gikk opp med over 250.000 tonn, eller i overkant av én prosent, fra 2016 til 2017. ©NTB

Fakta

Jordbruksoppgjøret

- Jordbruket krev 25.300 kr i inntektsvekst ut frå ei ramme på 1830 mill. kr. Andre grupper er venta å få 19.300 kr, 3,5 %, i lønsvekst frå 2018 til 2019.

- Tilbudet frå staten er på 1000 mill. kr, som skal gi 3,5 % i inntektsvekst. Det utgjør rundt 12.500 kr pr årsverk, ifølgje staten. Jordbruket seier tilbudet gir 11.900 kr pr årsverk, men at veksten berre er 6000 kr om ein trekk frå urealistiske marknadsforventingar.

- Grunnlagstala viser at inntekta i jordbruket dei to siste åra har gått ned 14.500 kr pr årsverk til 354.900 kr i 2018. Andre grupper har på same tid auka årsløna med 27.000 kr til over 550.000 kr.



Nationen 27. april.



Nationen 5. mai.



Trur på avtale: Christian Anton Smedshaug i AgriAnalyse seier det er kritisk viktig for partane å bli einige om nye reguleringsverktøy. Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

Analytikar: – Kritisk viktig å bli einige

Staten og jordbruket har felles interesser i å bli einige om betre reguleringsverktøy, ifølgje analytikar, som seier det er stor sjanse for at partane blir einige i år.

Tysdag innleia jordbruket og staten årets jordbruksforhandlingar. Christian Anton Smedshaug, dagleg leiar i AgriAnalyse, er ikkje overraska over at partane vil forhandle.

– Regjeringa har kome med eit tilbud som anerkjenner kostnadsutviklinga i jordbruket, samtidig som det ikkje er vesentlege kontroversielle grep knytt til kvoter eller anna. Det er derfor rimeleg at jordbruket vil prøve ut kor mykje pengar som er i potten, få til ein betre fordelingsprofil og betre verktøy for å balansere marknaden, seier Smedshaug.

– Kritisk for begge

Landbruksanalytikaren seier det er overvegande sannsynleg at partane blir einige om ein jordbruksavtale i år, både ut frå felles interesser og samansetninga på Stortinget.

– Eg meiner det er overvegande sannsynleg at partane blir einige om ein avtale i år. For begge partar er det kritisk viktig å bli einige om betre verktøy for å balansere marknaden og sikre prisdanninga og målprisuttaket, seier han.

Smedshaug seier det dårlege prisuttaket i marknaden grunna ubalanse gjer at staten må ut

med langt meir budsjettstøtte enn vanleg i år.

– Viss ein skal ha ei utvikling i jordbruket der marknaden ikkje klarer ta unna store delar av kostnadsveksten, så blir det krevande framover. Hugs at rundt 70 prosent av omsetninga på vel 44 milliardar kroner kjem frå marknaden. Når staten i tilbudet legg inn 350 millionar kroner i betre marknadsbalanse, så må dei stille opp med betre verktøy, seier han.

– Bør vere rom

Smedshaug er ikkje einig i at årets jordbruksoppgjøret er ekstra vanskeleg.

– Det er eit oppgjøret som krev budsjettengar fordi marknaden er utfordrande, men for staten som fekk eit overskot på 60 milliardar kroner i statsrekneskapa i fjor og der ein bruker godt under tre prosent av handlingsregelen, så er ikkje summene så store. Det er ikkje ein kritisk budsjettituasjon for regjeringa. Det er også lenge sidan det har blitt brukt særleg med budsjettengar på oppgjøra, så her bør det vere rom for det, seier han.

– Trur du det blir lett å bli einige?

– Ingen oppgjøret er lette. Det vil sitje langt inne, men fellesinteressene er store. Regjeringa har heller ikkje lukkast særleg med å omstille næringslivet mot fastlandsproduksjon, noko dei her kan bidra til, seier Smedshaug.



Bartnes og statens forhandlingsleiar Leif

Foto: Vidar Sandnes

rette opp

– Vi ønsker å sjekke av fleire ulike saker i staten tilbod og vi starter forhandlingsløpet med sikte på å få gjennomslag for prioriteringane både på inntekt og fordeling, seier Bartnes.

Bartnes seier hovudpunkta for forhandlingane vil dreie seg om storleiken på ramma og prioriteringane. Han vil ikkje gå nærare inn på striden om tilbodet er i strid med inntektsmålet

til Stortinget, men gir følgjande kommentar.

– Vi arbeider med sikte på å få gjennomslag.

– Er du optimistisk med tanke på ein avtale?

– Ja, vi har ein optimistisk inngang til forhandlingane, men motparten er nøydd for å kome oss i møte for at vi skal kunne få til ei løysing, seier Bartnes.

Statens forhandlingsleiar Leif Forsell skriv i ei melding til Nationen at forhandlingane vil starte med ein gjennomgang av «utfordringsbildet for norsk jordbruk, slik det nå er».

Til kritikken om at bondeinntekta sakkar akterut gir han følgjande kommentar:

«Det har sammenheng med utfordringsbildet for norsk jordbruk, dvs fallende markedsinntekter, overproduksjon og på same tid økende kostnader. Forøvrig har jeg ingen andre kommentarer nå», skriv Forsell.

Bjarne Bekkeheien Aase
bjarne.aase@nationen.no

I møte

«Motparten er nøydd for å kome oss i møte for at vi skal kunne få til ei løysing»

Lars Petter Bartnes, leiar i jordbrukets forhandlingsutval